



Tingvoll, 25.10.2020

Sunnadal kommune

post@sunnadal.kommune.no

KOMMUNEDELPLAN FOR TODALSFJORDPROSJEKTET – FRÅSEGN

Vi viser til planforslag lagt ut på høyring.

Registrert naturmangfald

For at ein skal finne noko om naturmangfald på stader som Artskart og Naturbase er det ein føresetnad at nokon først har kartlagd.

På Rakaneset ligg det inne 10 registreringar av rynkerose. Då kan ein sjølv sagt konkludere med at det på Rakaneset ikkje finst noko anna enn rynkerose, eller at det ikkje finst noka kartlegging som seier så mykje om kva som finst i området.

På andre sida av fjorden finst det ganske mange registreringar. Mange av desse er relatert til spreining av artar frå arboretet i Svinvika. Denne spreinga vil ein måtte ta omsyn til viss det skal byggast noko i området, så ein ikkje spreier framande artar til andre stader. Førekomsten av framande artar er mykje større enn det registreringane gjev uttrykk for, og det er også tale om artar som ikkje har fått vurdert risiko til no, fordi dei kanskje ikkje er prøvd andre stader enn i Svinvika.

Underteikna har gjort ein betydeleg del av registreringane i Svinvika, men har ikkje fått nokon førespurnad om premissane for registreringane. Sweco veit såleis ikkje noko om det er leita spesielt etter noko, eller kva for areal som er undersøkt. Det som er registrert veit ein noko om, men ein veit såleis ikkje omfanget av det som ikkje er registrert.

Floraundersøkingane ein kan sjå sporet av ved Engan er også knappe. Ein del areal er av typen som kan ha stort biologisk mangfald, eller svært lite interessant mangfald. Det veit ein ikkje før det er nærare undersøkt, og vi kan ikkje finne spor av slik undersøking frå den seinare tida.

Viss kunnskapsgrunnlaget er tilsvarande for andre tema i denne saka, står det veldig dårleg til med heile planen. Viss ein finn noko spanande slik at ein seinare finn å måtte flytte tunnelpåhogget 50 meter, så vil det koste mykje meir enn om ein gjer slike undersøkingar no.

Kap. 7.3.4 går gjennom verknadene for naturmangfald. Sidan det er betydelege manglar ved kunnskapsgrunnlaget (Ikkje at det er «godt nok» som det er lagt til grunn i planen), så meiner vi at vurderingane kan ha blitt feil.

Trafikkutvikling

Det er eit mål for samfunnet at behovet for transport både av folk og gods skal gå ned, sidan transport krev ressursar som gjev utslepp. Ferjelaus løysing vil auke trafikken. Det er følgjeleg ikkje ønskjeleg med tunnel og bru, men heller sjå litt nærare på om ein kan forbetre tilhøva for nyttetrafikken over noverande ferjesamband.

Vi registrerer elles at fritidstrafikken utgjer ein ganske stor del. Det er rimelegvis ein type trafikk som vil minke når realitetane kjem over oss når framtidige klimautslepp skal ned.

Elles har ein pandemi som råka samfunnet vårt vist oss at det ikkje er om å gjere å lage store arbeidsmarknadsregionar.

Konklusjon

Naturvernforbundet meiner at det ikkje er nødvendig å løyse av noverande ferjesamband med tunnel og bru. Elektrifisering av ferjesambandet reduserer utsleppa. Ytterlegare reduksjon må kome gjennom totalt sett mindre trafikk.

Undersøkingane av biologisk mangfald er så mangelfulle at det krev tilleggsregistreringar for å ha eit tilstrekkeleg grunnlag for vedtak av planen.

Helsing

Øystein Folden
Leiar